

# Klimasnukonferansen 2023

## Oppsummering gruppearbeid 15. november 2023

### Oppgåve:

Gruppeoppgåve til arealrekneskap med «Agdermetoden». [Lenke til Arealregnskap](#)

På grunn av krasj i systemet var det få som fekk prøvd ut dei konkrete oppgåvene med å filtrere på arealformål og finne planreserve for bustad og utslepp av klimagassar frå arealbruksendringar. Men følgande spørsmål vart diskutert i plenum:

Kva kan dette verktøyet nyttast til? Kva kan vere feilkjelder? Kva kan forbeistrast?

### Svar:

- Har laga arealrekneskap før, men det vert lettare tilgjengeleg med dette verktøyet og blir betre for visualisering
- Gir politisk nivå eit betre grunnlag for å ta gode val for strategisk planlegging
- Bør gå rett i Kostra slik at kommunane slapp å rapportere manuelt
- Nyttig og visuelt
- Lett å legge inn eit omriss for eit nytt areal, innspelsnivå, enkel måte å få kalkulert ut tal
- Godt verktøy for å ta ut areal, gjere ein planvask. Då må vi auke kunnskapen til politikarane
  
- Har eit område som er satt av til hytter med eit forholdsvis stort areal, men med få hytter utan infrastruktur. For slike områder blir arealrekneskapet veldig feil. Men det kan løysast med å minske arealet til å berre gjelde dei små flekkane der det er hytter.
- Nokon kommunar har mange analoge planer som ikkje er digitalisert, dei får stor feilmargin i verktøyet. Godt bilde på kor viktig det er med godt datagrunnlag. Gjer at kommunane må legge seg i selen for å få gode, digitale planer.
  
- Bør på sikt få differensiert på myr etter djupne, slik som med bonitet for skog